



# Årsrapport 2003

## Innholdsliste

### Forord

### 0. Innleiing

### 1. Økonomiske rammer og administrative føringar

### 2. Sentrale politiske føringar

- 2.1. Kommuneretta verksemd
- 2.2. Velferd, helse og personretta tenesteyting
- 2.3. Born og oppvekst
- 2.4. Regional planlegging, plan- og byggesaksbehandling
- 2.5. Innovasjon og verdiskaping
- 2.6. Samfunnsikkerheit og beredskap
- 2.7. Prioriterte oppgåver på miljøområdet

### 3. Utdjupande skildring av resultatområde (som eige vedlegg)

- 3.1. Miljøverndepartementet. DN. SFT.
- 3.2. Landbruksdepartementet
- 3.3. Barne- og familiedepartementet. Kyrkje- og kulturdepartementet.
- 3.4. Justisdepartementet. Direktoratet for sivilt beredskap.
- 3.5. Kommunal- og regionaldepartementet
- 3.6. Sosial- og helsedirektoratet
- 3.7. Utdannings- og forskingsdepartementet

## Forord

”Varsellampene blinkar i Sogn og Fjordane. Vi er eit sårbart fylke. Dei tradisjonelle næringane går attende. Store verksemdar innafor verfts- og aluminiumsindustrien gjer dramatiske kutt i arbeidsstokken.

I Høyanger og Årdal skyt effektivseringa fart. Miljøomsyn inneber stenging av anlegg med gamal teknologi. Endringa kjem med full tyngde frå 2006. Problema er strukturelle og langsiktige. Det er lite underliggjande vekstkraft i desse to einsidige industristadane.

Flora er mindre einsidig og har underliggjande vekstkraft. Krisa her er akutt og dramatisk, men problema ikkje så langsiktige eller strukturelle.

Dei tre kommunane har gått saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Innovasjon Noreg, Aetat og Sogn og Fjordane fylkeskommune i eit regionalt partnerskap.

Kommunane får omstillingsstatus. Dei ordinære verkemidla vert samordna.

I fellesskap vert det i tillegg søkt om ekstraordinære omstillingsmidlar.

Etter avtale med KRD er søknaden forma ut som ein tiltaksplan. Den syner korleis innsatsen vert samordna. I tillegg er det rekna medverknad frå lokalt næringsliv og Hydro. I høve til utfordringane er dette likevel ikkje på noko vis tilstrekkelig. Å gjennomføre planen krev difor ”friske pengar” - i form av ekstraordinære omstillingsmidlar i alle delar og alle nivå av verkemiddelapparatet.”

Eg har klipt dette føreordet frå ei felles rapportering frå fylket. Samstundes har meir enn halvparten av kommunane ROBEK som tilleggsadresse.

Kombinasjonen næring i krise og kommunar med svak økonomisk ryggrad er alvorleg for fylket. Årsrapporten tek elles føre seg fylkesmannsembetet sine faste oppgåver. Føreordet ber bod om at vi har det vanskeleg.

23. februar 2004

Oddvar Flæte

## 0. Innleiing

Årsrapporten oppsummerar og vurderar resultat i høve til tildelingsbrevet frå AAD for 2003 og embetet sin verksemdsplan for 2003.

I 2002 hadde vi følgjande innsatsområde i verksemdsplanen:

- Utarbeiding av ny plattform for embetet; verdiar, mål og strategiar
- Organisasjonsgjennomgang – integrering av Fylkeslege og Statens utdanningskontor
- Samordning av tilsyn

Det vart her organisert tverrgående prosjekt som resulterte i:

- eit felles styringssystem og intranett – kalt ”Husveven”
- ny ”Hustavle” – som inneheld punkta:
  - Kvifor er vi til?
  - Hovudroller
  - Kjerneoppgåver
  - Visjon
  - Verdigrunnlag
  - Krav til leiarar
- ny organisasjonsplan

Vi har slått saman Fylkeslegen med tidlegare sosialseksjonen i kommunalavdelinga til ein ny helse- og sosialavdeling, med unntak av barnehagar som er overført til ei ny utdanningsavdeling, der tidlegare Statens utdanningskontor inngår. Tidlegare kommunalavdelinga er oppløyst, og resten av denne avdelinga er lagt i stab. Denne modellen blir gjennomgått på ny i inneverande år.

- intern rapport om tilsyn og rettleiing
  - her drøftar vi bruk og forståing av omgrepa tilsyn og rettleiing, og legg grunnlaget for eit meir samordna og effektive tilsyn av god kvalitet
  - det er oppretta ein funksjon som tilsynskoordinator i stab, og ei tverrgående tilsynsgruppe i embetet

### Spesielt om likestilling

Det er ikkje gjennomført spesielle likestillingstiltak i embetet i 2003. Vi har ein arbeidsstokk som består av 52% kvinner og 48% menn. I leiande stillingar i embetet (inkl. seksjonsleiarar) har vi 14 menn og ei kvinne. I leiargruppa på åtte personar er to kvinner (assisterande fylkesmann og informasjonsansvarleg). Vi er opptekne av å få rekruttert fleire yngre kvinner og kvinner til leiarstillingar. Vi prøver å vere fleksible i høve til omsorgspermisjonar, ynskje om redusert arbeidstid og utdanningsspermisjonar. Vi vil også vere merksame på eventuelle lønsskilnader mellom kvinner og menn som ikkje kan forklarast med ulike arbeidsoppgåver/ansvar, i samband med lokale forhandlingar.

## 1. Økonomiske rammer og administrative føringar

**Tabell 1. Oversikt over finansiering og sektorplassering av tal årsverk 2003**

Tall årsverk	Kap. 1510	Kap. 203	Ekstern finans.	Totale årsverk
Leiing (fylkesmann+ass.fylkesmann+avd.dir)	5,00	1,00		<b>6,00</b>
Administrasjonsavdelingen (hentes fra tabell 2)	16,54	1,00	3,25	<b>20,79</b>
Fagoppgåver pr sektor	71,06	6,05	8,50	<b>85,61</b>
Barne- og familiedepartementet	1,00	1,00		<b>2,00</b>
Helsedepartemenet	7,67		1,00	<b>8,67</b>
Sosialdepartementet	3,42		2,00	<b>5,42</b>
Landbruksdepartementet	23,31		1,00	<b>24,31</b>
Miljøverndepartemenetet	15,01		2,50	<b>17,51</b>
Justisdeparemenet	6,05			<b>6,05</b>
Kommunal og regionaldepartemenet	4,26			<b>4,26</b>
Utdannings- og forskningsdepartementet		5,05	1,00	<b>6,05</b>
Kultur- og kirkedepartementet	0,20			<b>0,20</b>
Andre (norge.no, opplysningstenesta, fylkesmannen.no)	10,14		1,00	<b>11,14</b>
<b>SUM</b>	<b>92,60</b>	<b>8,05</b>	<b>11,75</b>	<b>112,40</b>

**Tabell 2. Oversikt over støttefunksjonar. Fordeling på fagområde**

Antall årsverk	Kap. 1510	Kap. 203	Ekstern finans.	Totale årsverk
Leiing (admsjef)	1,00			<b>1,00</b>
Arkiv	5,24			<b>5,24</b>
Økonomi/rekneskap	2,25			<b>2,25</b>
IKT	2,00		1,00	<b>3,00</b>
Informasjon mv				<b>0,00</b>
Personal	1,00	1,00		<b>2,00</b>
Forværelse/post mv	2,09		0,50	<b>2,59</b>
Andre (kantine/vaktmeistar/reinhald)	2,96		1,75	<b>4,71</b>
<b>SUM</b>	<b>16,54</b>	<b>1,00</b>	<b>3,25</b>	<b>20,79</b>

**Tabell 3. Oversikt over enkelte aktivitetar i 2003**

				Tal saker / bilag
<b>Arkiv</b>				
Tal registrerte nye saker 1/1-til 31/12 - 2003				<b>10 627</b>
Tal dokumenter registrert 1/1-31/12 - 2003				<b>25 736</b>
<b>Økonomi/rekneskap</b>				
Tal rekneskapsbilag totalt 1/1-31/12 - 2003				<b>11 509</b>
<b>SUM</b>				<b>47 872</b>

U-POST	BUDSJETT	REVIDERT BUDSJETT	REKNESKAP pr. 31.12.03
SUM LØN OG GODTGJERSLE	37.606.089	38.157.414	38.401.338
SUM VARER OG TENESTER	16.924.075	18.132.984	19.258.835
SUM LØN OG GODTGJERSLE/VARER OG TENESTER	54.530.164	56.290.398	57.660.173
SUM INNTEKTER	54.530.164	56.924.908	57.663.082
Resultat	0	634.510	2.909
SUM BUDSJETT	54.530.164		57.665.991

Det har vore stram økonomistyring i 2003, og rekneskaperen for 2003 viser at embetet har gått i balanse med ei utgifts- og inntektsramme på 57,6 mill. kroner.

## 2. Sentrale politiske føringar

### 2.1 Kommuneretta verksemd

Det har vore retta stor merksemd og brukt mykje ressursar på kommuneretta verksemd i 2003. Ein vanskeleg økonomisk situasjon i mange av kommunane har ført til at i alt 17 kommunar var inne i ROBEK i 2003. Ein kommune vart seinare utmeldt. Desse har hatt stort behov for oppfølging. I tillegg har vi lagt stor vekt på å samordne tilsyn og anna aktivitet frå fagavdelingane mot kommunane, for å ha oversyn over total belastning og bistand. Som nemt over har vi sett av ein deltidressurs (frå Helse- og sosialavdelingane) for koordinering av tilsyn i embetet, og oppretta ei tverrgående tilsynsgruppe. Vi har vidare hatt ei felles opplærings- og erfaringsamling for alle som driv med tilsyn i embetet.

Brugarundersøkinga som vart gjennomført i kommunane i 2003 syner at Sogn og Fjordane ikkje skil seg markant frå landsgjennomsnittet (totalindeksen er 4,7, gjennomsnittet 4,4 – på ein skala frå 1-6, der 6 er ”beste karakter”). Statistikken må tolkast i lys av ein større og samansatt kontekst, der særskilde regionale tilhøve og avdelingane sine særlege arbeidsfelt kan forklare ein del forskjellar. Vi vil trekkje fram at Sogn og Fjordane sine heimesider får høgast score av alle embeta. Dette syner at vi er på rett veg når det gjeld informasjonsspreiing og kommunikasjon med kommuneadministrasjon, media og einskildpersonar i fylket. Vi har informert kommunane om resultatane av undersøkinga, og kva vi gjer eller vil gjer på ulike område. Vi vil også ta opp einskilde spørsmål i kommunebesøka.

I 2003 gjennomførte vi 5 såkalla kommunebesøk. I desse besøka deltek fylkesmannen eller assisterande fylkesmann, som regel ein av økonomikonsulentane og folk frå fagavdelingane etter behov. Vi møter kommuneleiinga, ordførar og ulike etatssjefar avhengig av agendaen. Ofte deltek heile formannskapet i desse møta. Både vi og kommunen spelar inn saker til dagsorden. Det er viktig at vi kjenner kommunane og har god oversikt over deira situasjon. Det er også svært viktig at fagavdelingane er klar over dei økonomiske utfordringane mange av kommunane har, og følgjer opp signala om ”må- og bør-oppgåver”.

I 2003 hadde vi to samlingar for alle kommunane (kommuneleiinga), ei om våren i samband med kommuneproposisjonen, og ei samling i samband med framlegginga av statsbudsjettet. I tillegg har vi deltatt på KS si haustsamling. Vi har også hatt 4 regionale informasjonssamlingar for nye folkevalde. Dette tok mykje tid og ressursar, men vi fekk positiv respons på tiltaket.

I tillegg til kommunebesøka hadde fagavdelingane diverse fagsamlingar, opplæringsamlingar og nettverksmøte. Det blir nærare omtalt i pkt. 3. Dette er tiltak kommunane (og særleg fagfolka i kommunane) etterspør og gjerne vil ha meir av. Landbruksavdelinga hadde egne regionvise møte med nye folkevalde til landbruksnemndene i kommunane.

Hausten 2003 vart det arrangert 2 regionale samlingar med opplæring i bruk av KOSTRA-data. I forkant var det utarbeidd statistikk med data frå KOSTRA-publiseringa i 2003 (rekneskapen 2002). Det var også opplæring i bruk av KOSTRA på samlingar for helsepersonell og undervisningspersonell. Tilbakemeldingane var gode. Kommunane opplever rapporteringa til KOSTRA som omfattande og arbeidskrevjande, men ser at der er ein gevinst å hente ved å ta i bruk denne informasjonen.

Vi har i 2003 avslutta to kommunesamanslåings-prosessar, ein i Sunnfjord (Førde, Naustdal, Jølster, Gaular) og ein i Sogn (Sogndal og Leikanger). Den første kom til folkerøysting i samband med kommunevalet, der resultatet vart nei til samanslåing i alle kommunane med unntak av Førde. Den andre prosessen kom til ferdig utgreiing og folkemøte. Stemninga var positivt avventande i Sogndal, meir negativ i Leikanger. Det enda med at prosessen blei avslutta. Framover vil nye utgreiingar skje gjennom KS/KRD-prosjektet.

## **2.2 Velferd, helse og personretta tenesteyting**

Innanfor områda dispensasjon frå opningstidslova, trus- og livssynssamfunn, stiftingar, overformynderi og verjemål, namnelova, tomtefestelova, dekningslova, statsborgarsaker, byggesaker og fri rettshjelp, har Fylkesmannen hatt som mål å tilby rask og god saksbehandling innanfor fristar sett av overordna myndigheiter og av Fylkesmannen sjølv i sørviserklæring. Generelt har vi nådd måla om å gje god sørvis innanfor desse områda.

Saker behandla etter lov om fri rettshjelp stiller særlege krav til oppfølging på grunn av stort tal saker og ein lovnad på ei saksbehandlingstid på maksimalt 4 veker. I overkant av 90% av sakene har vi klart å halde eigne mål om saksbehandlingstid. Mykje av overskridingane skuldast mangelfullt dokumenterte krav/saker frå advokatar. Fylkesmannen har derfor som mål å betre advokatane sine rutinar med dokumentasjon av søknader og krav etter denne ordninga.

I samband med tilsynsbesøk og telefonkontakt med dei ulike overformynderia i fylket, er det vårt inntrykk at kommunane si oppfølging kunne ha vore betre. Overformynderia må ofte ta stilling til vanskelige saker, samstundes som dei oppnemnde er utan formell utdanning eller praktisk røynsle i regelstyrt saksbehandling mv. Vi meiner derfor at det er behov for opplæring og rettleiing i form av kurs og konferansar. Konkret vil vi trekke fram eit døme på eit overformynderi som ønska å vera medlem i Nettverk for overformynderi, der kommunen ikkje såg seg råd til å betale medlemsavgifta på kr 1.500. I tråd med dette får vi og eit inntrykk av at kommunane ikkje er klar over sitt ansvar, som td. erstatningsansvar for feil som vert gjort av overformynderiet.

Opptrappingsplanen for psykisk helse er følgt opp i samsvar med oppdragsbrevet. To kommunar fekk ikkje utbetalt 3. termin i 2003. Detaljar om bruken av midlane for 2003 vil ikkje vere klar før rapporteringa frå kommunane er gjennomgått. Utbygginga av sjukeheimar og omsorgsbustadar i etterkant av eldreplanen er følgt opp i samsvar med oppdraget. Det same gjeld handlingsplanen for helse- og sosialpersonell.

Innanfor folkehelsearbeidet har det vore lagt stor vekt på nettverksbygging med fylkeskommunen, kommunane, frivillige organisasjonar og Høgskulen i Sogn og Fjordane som viktige medspelarar. Nettverka har konkret vore knytt til gjennomføring av ulike prosjekt. I tillegg er tilskotsmidlane fordelt i samsvar med oppdraget.

Fylket har uløyste utfordringar knytt både til å få på plass smittevernlegar og smittevernplanar i alle kommunar. Arbeidet med planar for sosial- og helsemessig beredskap har og komme kort. Dette har dels samanheng med ein vanskeleg legerekrutteringssituasjon i fylket. Fylkesmannen har planlagt og starta fleire tiltak som vil gå utover i 2004. Dette skjer i samråd med Sosial- og helsedirektoratet.

Fylkesmannen mottok i 2003 140 klagesaker etter sosialtenestelova, ein auke på 15 (12 %) frå 2002. Sakshandsamingstida har gått vesentleg opp og kravet om at klagen skal vere ferdighandsama innan 3 månader er blitt overskride i ein del saker. Klagen syner at dei kommunale sakshandsamarane sin kunnskap om sakshandsaming er mangelfull. Det gjeld også klager etter kommunehelsetenestelova.

Alle kommunane har fått tilbod om kurs i sakshandsaming, og slike kurs vart gjennomført i alle dei fire regionane i fylket i oktober 2003. Det har og vore gjennomført ei rekke andre kompetansehevingstiltak overfor sosialtenesta, mellom anna om familievald, gjeldsordning og økonomisk rådgjeving.

I samband med oppretting av ny helse- og sosialavdeling i embetet har vi valt å samordne tidlegare eksisterande nettverk frå "Kunnskap og brubygging" og kvalitetsrådgivarprogrammet på helsesida ved å opprette eit felles nettverk for leiarar i kommunane si sosial- og helseteneste. Nettverket samlast to gonger i året. Gruppearbeid og erfaringsoverføring vert brukt for å få til læring og utvikling. Vi fokuserer på opplæring i bruk av kvalitets- og styringsverktøy som deltakarane bruker på problemstillingar dei har reist frå sin eigen kvardag. Faste innslag på samlingane skal vere formidling av nye statlege styringssignal og dialog med kommunane kring desse. I tillegg vert det teke opp faglege tema og problemstillingar som er relevante for sosial- og helsetenesteleiarar. Tema i 2003 har vore internkontroll, ny nasjonal strategi for kvalitet i sosial- og helsetenesta og bruk av KOSTRA.

Det er starta eit eige prosjekt der 6 kommunar bruker kvalitetsforbetningsverktøy på konkrete problemstillingar rundt arbeidet med tunge rusmiddelbrukarar. Resultata skal seinare formidlast til dei andre kommunane i fylket.

Det er gjennomført tilsyn i samsvar med oppdragsbrevane både overfor sosialtenesta (inkludert bruk av tvang og makt etter kap. 6A), helsetenesta og barnevernstenesta.

### **2.3 Born og oppvekst**

Fylkesmannen har i 2003 prioritert å følgje opp barnevernet både gjennom fagleg rettleiing og tilsyn. Vi har gjennomført to 2-dagars kurs for tilsette i barnevernet med tema som vurdering av omsorgssvikt, saksførebuing til fylkesnemnda, fosterheimsavtale og ettervern. Samtlege institusjonar har hatt tilsyn i samsvar med forskriftskrav og institusjonar. Jamt over yter instiusjonane eit godt tilbod til dei ungdomane, men i noke tilfelle har det vorte gitt pålegg om å rette avvik som er funne.

I løpet av dei tre siste åra har Fylkesmannen gjennomført tilsyn med samtlege barneverntenester i fylket. Det er utarbeida eigen rapport om dette tilsynet som vert sendt departementet. Fylkesmannen går elles grundig i gjennom halvårsmeldingane frå kommunane og i dei kommunane som ikkje har halde tidsfristane, vert kontakta. Det har så langt ikkje vore behov for å gje nokon kommune mulkt. Det har vore tilsyn med samtlege familiekontor og vi har konstatert at meklings sakene vert prioritert. Meklarane har fått tilbod om opplæring.

Fylkesmannen har formidla statstilskotet til krisesenteret. Det er framleis eit problem for krisesenteret at økonomien er usikker frå år til år.

Det vart frå Barne- og familiedepartementet sommaren 2003 signalisert at ansvaret for foreldrerettleiing frå 2004 ville bli lagt til det nye Statens barne- og familieforvaltning. Vi har ut frå det ikkje følt at tidspunktet var det rette å gå aktivt inn i dette arbeidet.

På barnehageområdet har det vore ei prioritert oppgåve forvalte statlege midlar, rettleie og informere om nasjonale mål og formidle god praksis mellom kommunar. Barnehagedekningen i fylket er gjennomgåande god. For 5-åringar er dekningsprosenten 93, for 4-åringar 91,8 og for 3-åringar 84 %, I aldersgruppa 2 år er dekningsprosenten 59 og for 1 åringar 30,7 %. Ved utgangen av året hadde 5.225 barn plass i barnehagane i fylket. Det vart oppretta 55 nye plassar fordelt på 9 kommunar.

På utdanningsområdet er dei viktigaste oppgåvene vi har arbeidd med:

- Informasjon og rettleiing til kommunane, elevar, foreldre og befolkninga generelt
- Tilsyn, kontroll med at lover blir handheva og klagehandsaming
- Oppgåver i samband med kvalitetsutvikling i grunnskolen og vidaregåande opplæring

- Medverke til gjennomføring av handlingsplanen "IKT i norsk utdanning Plan for 2000-2003" – jf kap.248
- Følgje opp kompetanseutviklingsprogrammet for PP-tenesta og skoleleiarar (SAMTAK)
- Resultatoppfølging og – rapportering
- Delegerte forvaltningsoppgåver, m.a. tilskotsforvaltning

For nærare skildring sjå pkt. 3.

## **2.4 Regional planlegging, plan- og byggesaksbehandling**

Fylkesmannen har i 2003 gjeve innspel til om lag 360 saker etter plan- og bygningslova. Vi har i denne perioden nytta motsegn mot 12 planutkast, varsla motsegn til 5 saker og påklaga 7 dispensasjonsvedtak frå § 17-2. Dei aller fleste motsegnene og klagen gjeld tiltak i strandsona.

I samarbeid med fylkeskommunen gav vi ut ein eigen strandsoneretleiar i 2003. Hovudbodskapen er at forvaltninga av verdiane i strandsona bør skje gjennom heilskapleg planlegging, tilpassa regionale og lokale tilhøve her i fylket, og ikkje gjennom dispensasjonar.

Vi formidlar aktivt nasjonal arealpolitikk, og nyttar motsegner og klager mot "dei verste" tilfella. Vi fokuserer også på slike spørsmål i fagsamlingar og i samband med kommunebesøk. Dei rikspolitiske retningslinjene vert aktivt nytta ved formidling av nasjonal arealpolitikk, likeeins miljødata som i stor grad er allment tilgjengelege over Internett (Miljøstatus og fylkesmannen.no).

Vi har i 2003 innført interne rutinar som skal sjå til at det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsvurderingar i relevante planar etter plan- og bygningslova.

Fylkesmannen har som klageinstans for kommunale enkeltvedtak etter plan- og bygningslova prioritert oppfølging av framdrift i sakene. Særleg har byggesaksområdet vore prioritert, slik at gjennomsnittleg sakshandsamingstid for 2003 vart redusert til 3 månader og 2 dagar. Som oppnemnt settefylkesmann for Hordaland fått vi inn 39 klagesaker om dispensasjon i 100-metersbeltet langs sjøen. Dette utgjer omlag 27 % av alle saker på byggesaksområdet, og har gitt spesielle utfordringar ifht. saksbehandlingstid, synfaring og ressursbruk elles. Samla sett har det kome inn få klagesaker der det er gitt utsett iverksetting, men vi har prioritert dei som har kome inn og handsama dei innanfor fristen på 6 veker.

## **2.5 Innovasjon og verdiskaping**

BU-midlane er den viktigaste reiskapen vår både med tanke på nyskaping og samhandling i det regionale partnerskapet. Det er stor søknadspågang og midlane er i 2003 fordelt på 71 søknader. 52 % av midlane er brukt til prosjekt som inngår i fylkesplanen medan godt fjerdeparten har gått til tiltak som inneber nyskaping/innovasjon. Detaljert rapport er sendt Innovasjon Norge.

Verdiskapingsprogrammet for mat har aukande effekt i fylket vårt. Om lag 50 personar (25 prosjekt) frå fylket har delteke på mobiliseringsopplegget "Jeg fant, jeg fant". I 2003 er det finansiert 11 prosjekt (3,6 mill kr). Fylket vårt har om lag 40 medl. i Norsk Gardsmat og opp mot 30 av dei deltek på det nyskipa "Bondens marked" i Bergen. Ingen frå fylket har søkt midlar frå Treprogrammet, og vi vil styrka mobiliseringsarbeidet på dette området.

Omlegging av skogpolitikken har som venta ført til dramatisk nedgang av skogkulturarbeidet. Det er i 2003 utplanta 0,4 mill planter som tilsvarar ei halvering frå 2002. Ryddearealet er heilt nede på 1000 daa mot 3700 året før. Interesse for bygging av skogsvegar er derimot framleis stor. Det er elles verdt å merka seg at interessa for taubanedrift ikkje berre er stor, men sterkt veksande. 40 % av skogen som er hogd i 2003 er teken ut i taubaneterreng. For fylket vårt er det svært viktig at det framleis vert høve til å innvilga tilskot til taubanedrift.



Vi arbeider aktivt med prosjektet *Inn på tunet* og har i 2003 etablert ein nettverksorganisasjon i fylket. 44 bruk er i gang med ulike tilbod medan 12 bruk er i startfasen. Fleire har meldt si interesse og prosjektet er i ferd med å bli ei tenesteytande produksjonsgrein i landbruket som det vert lagt merke til.

Prøveprosjektet vårt med *Kompetansesestover* (mininæringshagar) i bygdene har vore vellukka. Meir enn 40 bedrifter og nærare hundrede kunnskapsintensive arbeidsplassar er lokaliserte til dei 6 kompetansesestovene. Vellukka er også utviklinga av *bærproduksjonen* i fylket der både bringebærproduksjonen og morellproduksjonen er i monaleg vekst. Det vert arbeid med å introdusera nye produkt rettar mot nye marknader. Arbeidet vårt med *Bygdeutviklingsprogrammet* og *Naturbruksprosjektet* legg vekt på lokalsamfunnsutvikling, næringsutvikling og entreprenørskap og gjev både direkte og indirekte resultat i form av innovasjon og nyskaping.

## **2.6 Samfunnssikkerheit og beredskap**

Fylkesmannen har i 2003 særleg vektlagt kontakt mot kommunane gjennom rådgjeving i forhold til forståing av ROS-metodikken. Det har her vore fokusert på kommunen sine beredskapsutfordringar i lov om helsemessig og sosial beredskap. Dette har også vore følgd opp i dei kommunale tilsyna som er gjennomført i samsvar med krav. Vi har gjennomført øvingar i samsvar med diskusjonsøvingmodell (utvikla av DSB), med svært gode resultat/ tilbakemeldingar. Det er her lagt vekt på høg fagleg kvalitet på øvinga/ øvingsstab, med særleg fokus på kriseleing og krisekommunikasjon. Øvingane har også lagt vekt på tverrfagleg deltaking, både i forhold til øvingsleing og evaluering. Det er også gjort forbetringar av gjeldande prosedyre for vurdering av beredskapstemaet ved handsaming av arealdelen i plansaker. Med grunnlag i arbeidet med mogleg straumrasjonering, vinteren 2002/2003, er det også starta ei kartlegging for å sikre naudsamband mellom fylkesmann, kommunar og aktørar i kriseutvalet (FBR). Dette arbeidet skal halde fram i 2004.

## **2.7 Prioriterte oppgåver på miljøområdet**

Vi har i 2003 lagt vekt på å omprioritere innsatsen til dei særleg viktige områda. et har også dette året vore stor innsats knytt til gjennomføring av nasjonalparkplanen og slutføring av dei fylkesvise verneplanane. Eit framlegg til Ålfotbreen landskapsvernområde er sendt på lokal høyring. Verneplan for Bleia-området vart starta opp, og det vart gjennomført både lokal og sentral høyring av verneframlegget. Verneplanen for edellauvskog vart starta opp att. Vi har brukt rådgjevande referansegrupper aktivt i verneplanarbeidet. I 2003 har embetet internt hatt ein gjennomgang om korleis vi kan få betre oppslutnad om verneplanarbeid etter naturvernlova. Vi har dessutan bidrege aktivt i samband med verdsarvsøknaden om Vestnorsk fjordlandskap (Nærøyfjorden m.v.) og førebuing og gjennomføring av EUROPARC 2003 i Loen/Stryn.

Det har, m.a. gjennom eit eige naturbruksprosjekt, vore fokusert på dei moglegheitene som finst for næringsutvikling i og ved område verna etter naturvernlova. Det har lokalt vore teke fleire initiativ for meir vern enn det statlege miljøvernstyresmakter har lagt opp til, m.a. utviding av Stølsheimen landskapsvernområde i Finna fjorden, verneplanen for Bleia-området og utviding av Jotunheimen nasjonalpark mot Sognefjellsvegen.

Tilsynet innan ureiningsområdet vart lagt om, og fleire fekk opplæring i tilsynsmetodikk. Det aksjonsretta tilsynet vart prioritert. Ressursane har vore retta mot avfall og miljøfarleg avfall, produkt og opplæring om farlege produkt og stoff. M.a. kommunalt avløp og arbeid innan kommunen sitt miljøansvar vart prioritert ned.

Det har i 2003 vore lagt stor vekt på å vidareutvikle og kvalitetssikre Miljøstatus på nett. Saman med fylkesmannen.no utgjer Miljøstatus ein viktig informasjonskanal for den regionale miljøforvaltninga.